



Arkivnr: 2014/11976-45

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

## Saksframlegg

### Saksgang

## Omklassifisering av offentlege veger i Bergen kommune

### Samandrag

Fylkesrådmannen legg fram sak om omklassifisering av offentlege vegar i Bergen kommune. Totalt er det 10 vegstrekningar i Bergen kommune som vil få endra klassifisering og ein veg som ikkje har formell status i dag og som må klassifiserast. Vegane som no er foreslått omklassifisert har av ulike årsaker over tid endra funksjon. Eksempelvis har nokre fylkesvegar i større grad fått preg av bustadgate, en ein regional veg. Tilsvarande har nokre kommunale vegar stor innslag av kollektivtrafikk, som gjer at dei bør ha status som fylkesveg.

Når det gjeld Håkonsgaten, strekninga kryss Nøstegaten til kryss Baneveien, er denne utan formell vegstatus. Denne er no foreslått omklassifisert til fylkesveg. Siste del av strekninga, Baneveien-Teatergaten er kommunal veg i dag og vert no foreslått omklassifisert til fylkesveg. Etter denne endringa vil Håkonsgaten som heilhet ha status som fylkesveg, og inngå i det overordna fylkesvegnettet.

Bergen kommune har handsama saken i byrådet den 19. november (byrådsak 1355/15). Fylkesrådmannen registrerer at Bergen kommune har vedteke i tråd med innstillinga. (sjå vedlegg x)

For alle vegane som skal omklassifiserast er en einige om at dette skal gjennomførast ei prosess (synfaring/forhandling) etter at Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune har vedteke omklassifiseringa av dei aktuelle vegane.

Når det gjeld endeleg kostnader for omklassifisering og meirkostnad for framtidig vedlikehald for desse vegane som skal omklassifiserast, vil Fylkesrådmannen komme attende til dette i forbindelse med budsjettet, tidlegast hausten 2016.

På generelt grunnlag vil Fylkesrådmannen vurdera om det skal tas inn ei ny post på investeringsbudsjettet for å dekke kostnader for framtidig omklassifisering av fylkesvegar i Hordaland. Fylkesrådmannen opplyser at det sannsynligvis vil bli vedteke nye retningsliner for tekniske krav til veg som skal omklassifiserast eller leggjast ned, i nær framtid. Fylkesrådmannen vil komme attende til dette når nye retningsliner er vedteke av Samferdselsdepartementet.

## Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek at følgjande kommunale vegar vart omklassifisert til fylkesveg:
  - Edvard Griegs vei, strekninga Fjøsangerveien - Bjørnsons gate
  - Tverrsambandet Fjøsangerveien – Ibsens gate (Fabrikkgaten – Inndalsveien – Bjørnson gate – St. Olavs vei – Ibsens gate)
  - Christian Michelsens gate, strekninga Markeveien – Jon Smørs gate
  - Vincent Lunges gate – Østre Strømkaien
  - Håkonsgaten, strekninga Baneveien - Teatergaten
2. Fylkesutvalet vedtek at følgjande fylkesvegar vegar vart omklassifisert til kommunal veg:
  - g) Fv 180 Søråshøgda
  - h) FV 193 Brøstanesveien, vegarm Kjøkkelvikveien
  - i) FV 194 Brønndalen, vegarm Olsvikskjenet
  - i) FV 194 Olsvikveien (Gjæringen), vegarm Olsvikskjenet
  - j) FV 235 Gullfjellsvegen, vegarm
  - k) Jonsvollsgaten - Nøstegaten, strekningen frem til FV 555 Komediebakken
3. Fylkesutvalet vedtek at Håkonsgaten, frå Nøstegaten til Baneveien får status som fylkesveg.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 03.12.2015**

### **1.Innleiing**

Fylkesrådmannen legg fram sak om omklassifisering av offentlege vegar i Bergen kommune. Vegane som no er foreslått omklassifisert har av ulike årsaker over tid endra funksjon. Eksempelvis har nokre fylkesvegar i større grad fått preg av bustadgate, en ein regional veg. Tilsvarande har nokre kommunale vegar stor innslag av kollektivtrafikk, som gjer at dei bør ha status som fylkesveg.

Totalt er det 10 vegstrekninger i Bergen kommune som vil få endra klassifisering og ein veg som ikkje har formell status i dag og som må klassifiserast. Når det gjeld Håkonsgaten, strekninga Nøstegaten-Baneveien har denne ikkje formell vegstatus i dag. Denne er no foreslått omklassifisert til fylkesveg. Siste del av strekninga, Baneveien-Teatergaten er kommunal veg i dag og vert no foreslått omklassifisert til fylkesveg. Etter denne endringa vil Håkonsgaten som heilhet bli fylkesveg og inngå i det overordna fylkesvegnettet.

### **2.Nærare omtale av vegane som bør omklassifiserast til fylkesveg**

Tilrådinga er;


Kommunale vegar som bør omklassifiserast til fylkeveg:

- a) Edvard Griegs vei, strekninga Fjøsangerveien - Bjørnsons gate
- b) Tverrsambandet Fjøsangerveien – Ibsens gate (Fabrikkgaten – Inndalsveien – Bjørnson gate – St.Olavs vei – Ibsens gate)
- c) Christian Michelsens gate, strekninga Markeveien – Jon Smørs gate
- d) Vincent Lunges gate – Østre Strømkaien
- e) Håkonsgaten, strekninga Baneveien - Teatergaten

Fylkesvegar som bør omklassifiserast til kommunalveg:


- f) FV 180 Søråshøgda
- j) FV 193 Brøstanesveien, vegarm Kjøkkelvikveien
- k) FV 194 Brønndalen, vegarm Olsvikskjenet
- ii) FV 194 Olsvikveien (Gjæringen), vegarm Olsvikskjenet
- l) FV 235 Gullfjellsvegen, vegarm
- m) Jonsvollsgaten - Nøstegaten, strekningen frem til FV 555 Komediebakken

#### a) Edvard Griegs vei, strekninga Fjøsangerveien-Bjørnsons gate



Vegen er ei viktig tverrsamband for hovudvegnettet i Bergen, og går fra kryss Fjøsangerveien og til kryss Bjørnsons gate. Vegstrekninga er og ei viktig kollektivtrasè og det er busshaldeplass langs vegen.

**b) Tverrsambandet Fjøsangerveien – Ibsens gate**



Fjøsangerveien er ein del av det overordna vegnettet i Bergen og har status som riksveg. Inndalsveien, Bjørnsonsgate og Ibsens gate er fylkesveg.

Tverrsambandet går fra kryss Fjøsangerveien/Fabrikksgaten til kryss Inndalsveien/Fabrikksgaten og kryss Inndalsveien/Bjørnsonsgate til Ibsens gate/Bjørnsonsgate. Strekninga fra kryss Fjøsangerveien til kryss Kanalveien har i dag status som fylkesveg. Det er vegen fra kryss Kanalvegen og fram til kryss Inndalsvegen som ein no er einige om at bør ha funksjon som fylkesveg. Tilsvarande for Bjørnsonsgate fram til kryss Bjørnsonsgate/St. Olavs vei og opp til krysset St. Olavs vei/Ibsens gate.

Total veglengde:

- Fabrikksgaten (om lag 320 m)
- Bjørnsonsgate (om lag 340 m)
- St. Olavs vei (om lag 20 m)

Tverrsambandet Fjøsangerveien – Ibsens gate fungerer som hovedtilkomst til Haukeland sjukehus frå sør og bør ha funksjon som fylkesveg.

**c) Christina Michelsens gate, strekninga Markeveien – Jon Smørs gate.**



Ei omklassifisering av den aktuelle vegstrekninga i Christian Michelsens gate på om lag 125 meter vil binda saman hovudvegnettet i Jon Smørs gate og Nordnessløyfa.

d) Vincent Lunges gate – Østre Strømkaien



Vegstrekninga som er foreslått omklassifisert til fylkesveg er om lag 160 m. Vegen er knytt til fylkesveg i begge ender (Kaigaten og Lungegårdskaien), og har ein viktig funksjon som sentral busstrasé og busshaldeplass ved knutepunkt Bystasjonen.

Vegraseen har ei sterk funksjon som busstrasé og at den difor bør ha funksjon som fylkesveg. Den binde og saman Kaigaten og Lungegårdskaien som i dag er fylkesveg.

e) Håkonsgaten, strekninga Nøstegaten-Teatergaten.




Vegstrekninga er om lag 115 m, og er i dag ikkje formelt klassifisert. Strekninga Nøstegaten – Baneveien er kjent som Oldersmauet, og er først opna for gjennomkjøringstrafikk i samband med dei seinare års trafikkomleggingar på Nøstet.

Siste del av strekninga, Baneveien – Teatergaten, er kommunal veg i dag og vert no forslått omklassifisert til fylkesveg. Etter den nemnde endringa i trafikkmønsteret på Nøstet inngår den aktuelle strekninga i Håkonsgaten i hovudvegnettet.

#### **4. Nærare omtale av vegane som bør omklassifiserast til kommunal veg**

##### **f) Fv180 Søråshøgda**




Fylkesvegen som er føreslått omklassifisert er på om lag 0,9 km. Statens vegvesen har vurdert at vegen bør omklassifiserast til kommunal veg fordi vegen er ei bustadsgate. Vegstreka har tidligare vorre fylkesveg. I 1992 då alle busstraséar vart omklassifisert til fylkesveg var denne vegen ei av desse. Vegen har mindre innslag av kollektivtrafikk (linje 67).

##### **g) Fv193 Brøstadnesvegen, vegarm Kjøkkelvikveien**



Denne fylkesvegen er om lag 0,7 km vegarm til Kjøkkelvikveien. Vegen er smal, med eitt felts køyrebane med møteplassar, og endar i ein snuplass. På bakgrunn av vegen i dag er ei rein bustadgate er denne føreslått omklassifisert til kommunal veg. Vegen har ikkje kollektivtilbod.

h) Fv 194 Brønndalen, vegarm Olsvikskjenet




Fylkesvegen er ein blindveg på om lag 0,7 km, og går frå kryss Olsvikskjenet. Vegen har snuplass innerst i Brønndalen. I si funksjon er vegen å rekne som budstadgate. Vegen har i dag mindre innslag av kollektivtrafikk (linje 40).

i) Fv194 Olsvikveien (Gjæringen), vegarm Olsvikskjenet



Fv 194 Olsvikveien, er ei vegarm til Olsvikskjenet. Fylkesvegen som er føreslått nedlagd er på om lag 0,7 km. Vegen har kun trafikk til private bustader. Ut i frå funksjonen vegen har er det naturleg at denne blir ein del av det kommunale vegnettet. Vegen har ikkje kollektivtrafikk.

j) Fv 235 Gullfjellsvegen, vegarm



Vegarmen på 5,6 km fører opp i fjellet fra Unneland. Vegen fører til eit rekreasjons- og Turområde. Det er eit fåtal bustader langs vegen. Det er ikkje kollektivtrafikk langs vegen.

k) Jonsvollsgaten – Nøstegaten, strekninga fram til Fv 55 Komediebakken



Vegstrekninga er om lag 220 m. Første del av Jonsvollsgaten, frå Teatergaten, er stengt for køyring og skal vere gågate. Denne delen av gata rustast opp i samband med ferdigstillinga av det nye bankbygget til Sparebanken Vest. Vegvesenet si vurdering er at standarden i Nøstegaten er tilfredsstilande. Baneveien, Vestre Murallmenningen og Nøstegaten, utover mot Verftet, er kommunale vegar

**5. Standard og kostnader med omklassifisering av vegane**

Statens vegvesen opplyse at vegane som skal omklassifiserast frå fylkeskommunal veg til kommunal veg så kjem NA-rundskriv Nr.97/13 «Retningslinjer for tekniske krav til veg som skal omklassifiseres – ikrafttredelse av vegloven § 7» til anvendelse.

For vegane som skal omklassifiserast til fylkesvegar er det vegloven § 4 som gjelder.

Nokre av vegane er eit makebytte (Østre Strømkai/Vincent Lunges gate og Jonsvollgaten). Statens vegvesen har i brev av 2. mars 2015 anbefalt at desse to vegane kan omklassifiserast utan at det stillast krav til at vegane skal rustas opp.

Bergen kommune har vurdert at det høyst sannsynleg er mindre kostnadane for vegane som skal omklassifiserast frå kommunal veg til fylkesveg, på om lag 1,465 mill.kr. Dette er Edvard Griegs vei med 0,11 mill.kr, og tversambandet Fjøsangerveien-Ibsens gate med 1,355 mill.kr. Bergen kommune har vedteke å dekka kostnadane for omklassifisering for vegane som blir omklassifisert til fylkesveg.

Statens vegvesen har vurdert at det sannsynlegvis er mindre kostnader for fylkesvegane som skal omklassifiserast til kommunal veg. Men det er ikkje rekna på dette. Fv. 235 Gullfjellsvegen som skal overførast til Bergen kommune er på 5,6 km.

## **6.Fylkesrådmannen si vurdering**

Fylkesrådmannen legg fram sak om omklassifisering av ein del offentleg vegar i Bergen kommune. Vegane som no er foreslått omklassifisert har av ulike årsaker over tid endra funksjon. Eksempelvis har nokre fylkesvegar i større grad fått preg av bustadgate, en ein regional veg. Tilsvarande har nokre kommunale vegar stor innslag av kollektivtrafikk, som gjer at dei naturleg nok bør ha status som fylkesveg.

Når det gjeld Håkonsgaten, strekninga Nøstegaten-Baneveien har denne ikkje formell vegstatus i dag. Denne er no foreslått omklassifisert til fylkesveg. Siste del av strekninga, Baneveien-Teatergaten er kommunal veg i dag og vert no foreslått omklassifisert til fylkesveg. Etter denne endringa vil begge desse to vegstrekningane saman med Håkonsgaten inngå i det overordna fylkesvegnettet.

For alle vegane som skal omklassifiserast er en einige om at dette skal gjennomførast ei prosess/forhandling etter at Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune har vedteke omklassifiseringa av dei aktuelle vegane. Det vil bli gjennomført ei grundig synfaring der Statens vegvesen, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune vil delta.

Når det gjeld endeleg kostnader for omklassifisering og meirkostnad for framtidig vedlikehald, vil Fylkesrådmannen komme attende til dette i forbindelse med budsjetthandsaminga, tidlegast hausten 2016.

På generelt grunnlag vil Fylkesrådmannen vurdera om det skal tas inn ei ny post på investeringsbudsjettet for å dekke kostnader for framtidig omklassifisering av fylkesvegar i Hordaland. Fylkesrådmannen vil i denne samanheng mælda, at det sannsynligvis vil bli vedteke nye retningsliner for tekniske krav til veg som skal omklassifiserast eller leggjast ned. Fylkesrådmannen vil komme attende til dette når nye retningsliner er tråd i kraft. Det er Samferdselsdepartementet som skal ta endeleg avgjere om eventuell nye retningsliner.